

# DET NORSKE TEATRET

## *Program*

*med songane til*

*„Friarleik på Liland“*

1928 1929

# BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO.

*Matstovor:*

*Bondeheimen,* Middag kl. 1-5
Rosenkrantzgt. 8
*Parkstova*
Drammensv. 2 — „ 1-5½
Cort Adelersgt. 2 — „ 1-5½
Olav Ryes plass 8 — „ 1-5½

*Hotell:*

Bondeheimen,
Rosenkrantzgt. 8
Telefon 13860.

Park-Heimen,
Drammensv. 2.
Telefon 14636.

*Kaffistovor:*

Rosenkrantzgt 8.
Torget 8 ².
Olav Ryes plass 8.
Nytorget 5
Parkstova, Drammensv. 2.
Cort Adelersgt. 2

I teatergarderoben, kaffi og smørbrød i teatertidi.




AKTIESELSKABET
CLICHÉ
REPRODUKTIONSANSTALT
DISPONENT: MAURITZ IVERSEN
OSLO
A/S

# ULEFOS JERNVÆRK, ULEFOS

## *Ovner, Komfyrer, Kaminer m. m.*

*Vakre, solide og brændselsbesparende ovner*



*Da Ulefos Jernværk har egne gruber og smelter sin malm ved elektrisk kraft fra egne fosser, indtar det en særstilling med hensyn til raamaterialer og kan derfor sælge til lave priser. . . .*

*Utsalg i OSLO. Stenersgt. 8.*



# NIKOLAI OLSENS Boktrykkeri

*MØLLERGT. 17*

*OSLO. TELEFON 15567*

b159126036



Lars Tvinde

# Den 17de Mai

OSLO

**Spreidt over heile landet!**

Kr. 3.50 fjordungåret.

**Haugesund**

# Kaffistovone åt Mållaget

***Telefongarden, Torget*** **og Haraldsgata 126** ***ved Landmannstorget.***

**Framifrå stell. Best og billegaste matstovor i byen. Husbunad i norskstil. Stort bladhald.**

# NOREGS BOKLAG

**Kristian den 4des gate 4 — OSLO**

er no målfolks bokhandel.

Tek imot boktingingar og sender bøker heile landet over

*Å handla med sin eigen samskipnad er å handla med seg sjølv.*

# „Pollux"

**Elektrisk apparatverkstad**

**Hammersborg Torg, 7**

**Telf. 20075**

fabrikerar koke og varmeapparat, vøler alt elektrisk, lar batteri, har autorisera installasjonsdeild.

# *Norsk tøi hos Figgen*

Avlæg forretningen et besøk og se hvor langt tekstilindustrien er naadd her i landet.

Det flommer av deilige farver i alle slags stoffer. Der er tøier saa vakre og gode og sterke at enhver patriot maa fyldes av stolthet.

I tredive aar har Figgen arbeidet for salget av norsk tøi, drestøi, kjolestof, tøi for voksne og barn, og vi har bestræpt os for altid at ha et omfattende utvalg av de bedste tøier som lages i landet.

*Figgen Co.*

**Knut Kjorstad. Bøndernes hus.** *Byens beste Herreekviperingsforretning.*

**Merk: Mot Arbeidergaten**

KNUT KJORSTAD BØNDERNES HUS
*KLÆR - SKJORTER - SLIPS o. l.*



Dagmar Myhrvold Lund

**HORDAHEIMEN**
C. SUNDTSGATA 18
BERGEN

**1. kl. hotel**
TELEFONER:
**3286 og 2464**

**KAFFISTOVA**
**TIL**
**Bondeungdomslaget**
TORGET 1. BERGEN

# Forretningsfolk

**og andre som vil ha prentesakene sine paa norsk vender seg til:**
**JOHANSEN & NIELSENS BOKTRYKKVERK**
**Pilestrædet 45 b. :-: Telefoner 62692, 61493**

TELEF. 1482 **KR. MADSEN** TELEF. 1482
TYSKEBRYGGEN – LEPPEN – **BERGEN**

**Bokhandel - Papirhandel**

*Boksamlingar avslag.* *Bokliste fritt i posten.*

**FOSNA MAALLAG**
**KRISTIANSUND N.**

**BONDEHEIMEN og KAFFISTOVA**
**MARMORGARDEN**

**KAFFISTOVA**
**TORGET.**

**Vestmannaheim Hotel**
*ved Raadhuset — BERGEN*

*Godt og bu — Rimelege prisar.*

## 1.

Det hev eg no høyrt at so mange hev sagt:
Dei kvinnfolki eig ei forunderleg makt! —
Dei er kje å tru, —
og hjelpe oss du, —
um ikkje me retteleg tek oss i akt!

Men mange hev augo so lokkande blå, —
det gjer deg so veik som eit skjelvande strå!
Og er dei då slik
dei tenkjer på svik, —
korleis skal du greida å berga deg då!? —

Ja, kvinnfolk er kvinnfolk frå fyrst og til sist!
Meir «treske de ere enn slangen i list»! —
Pass på, ja pass på, —
at fri du kann gå,
— og glad kann du syngja som fuglen på kvist!

## 2.

Av min unge hjartetrong
flettar ordi seg til song,
— lengt og leik av draumespinn,
syng eg ut med von i sinn!

Alltid, alltid kvar eg dreg,
leikar tanken min um deg!
Du er som ein evig draum
i min sæle tankestraum!

Um eg einsleg gjeng min veg,
— tanken veit å finna deg!
Fanga då bak hjartegrind,
bur du her i hugen min! —

## 3.

Når sylvkroken glimtar, kjem fiskar i flokkar.
Alle vil dei bita, når rikdomen lokkar!
Dei sprett og dei skvett,
dei smyg og dei smett,
med kjærleiken tek dei det lett. —
Å ja, tralla la,
å hal-i-upp å hå,
for sylv vil dei ha
alle mannfolk i rad,
— og so stimar dei på! —

Når sylvkroken glimtar, jau då kann du tenkja,
fiska kann dei greidt både gjenta og enkja. —
Dei kann få seg mann,
på ørlite grand,
og velja kven likast gjeng an!
Å ja, tralla la, osb.

Når sylvkroken glimtar, er mannfolki rame,
skimtar dei i kroken, dei bit med det same!
Dei triv, det som riv,
og vågar sitt liv,
— til høgt etter taumen dei sviv! —
Å ja, tralla la, osb.

## 4.

Det var so fin ei sumarnott,
og hei-i låg i draum og blått.
Og gut og gjente sat so godt,
— ved led ....
Han såg på henne, ho på han,
— og blodet song og hjarta brann. —
Dei sat der heite hand i hand,
og knytte glade — kjærleiks-band, —
i fred, i fred!

«Ein klokkeblom det skal du få,»
sa gjenta varmt til guten då;
«den må du, må du, gøyma på, — —
og ha. —
Og gløym kje det du kviskra nett,
ved ledet her, i vinden lett, —
— du sa eg var som blomen blid,
og spurde: «Vil du vera mi?»
Å ja, — å ja!

«Ja, eg er di, og du er min,
— og skumring sveiper gard og grind.
Eg ligg so godt i armen din!» —
sa ho ....
Og vinden kjælte mjuk og god,
og dei var sæle båe tvo, —
og kviskra heite — kvar for seg: —
«Eg elskar deg. Eg elskar deg!
— Gjer eg — gjer eg!» — —

## 5.

So lenge der er von,
— ja, so veit me der er liv.
Hei sudde-ri å rudde-ri å rei, fallti-ra!
I hjarta gjeng det ljon,
so at kjærleiken riv.
Sudde-ri-de-li rei, fallti-ra!

Og kjærleiken han brenn
her i hjarta hjå meg.
Hei sudde-ri å rudde-ri å rei, fallti-ra!
Og hev du han, — so kjenn,
kor han murkar hjå deg.
Suddi-ri-de-li rei, fallti-ra!

Kvar leitar etter sin
og kvar leitar etter si.
Hei sudde-ri å rudde-ri å rei, fallti-ra!
Eg er no ikkje blind!
so eg kann vel finna mi!
Suddi-ri-de-li rei, fallti-ra!

## 6.

Nei, tru kje på kvinnfolk. Det tregar du på.
Det hjelper kje um dei er blide å sjå. —
Dei lokkar og leikar med kjærlege fakter,
men sit du i garnet, du ingenting maktar!
Ver glad du, so lenge du frikar kann gå!

Nei, brukar du vitet, so gjeng du din veg,
og ser kje til sida der kvinnfolki dreg.
So kann dei då gjøla og ganta og gapa,
so søte seg laga, og fine seg skapa. —
Nei, tru kje på kvinnfolk. Den røynsla hev eg!

Eg trudde på ei, og var viljug og veik,
og gjenta ho lokka, men sidan — ho sveik.
Ho fjasa og fjanta, og dåra og dansa,
— og då eg so retteleg skyna og sansa: —
ho fagna ein annan, i liknande leik!



## TORVALD TU

er fødd 22. juli 1893 i Klepp på Jæren. Ute i lyngheiane der, levde han barneåri sine, og jærnaturi elskar han framum alt. Der er han no fastbuande på ein uneleg lyngheistad som han kallar Mosberget.

Tidleg vakna hugen til å dikta hjå han, og som det jamt plar vera, — var det fyrste han skreiv: — *vers.*

Han har sendt ut ei heil rekkje med bøker, — soleis diktsamlingar, forteljingar, småsogor og skodespel.

Dei siste par åri hev han laga eventyr, og desse eventyri hans hev vorte sværande godt mottekne. *Signe Solmøy og andre sogor,* heitte fyrste eventyrsamlingi som kom i 1927, og ifjor kom *Mormor-kista.*

Av bøker han elles hev skrive kann ein nemna i fleng: I godluna. — Lystig Lag. — Lynglandet. — Lukkedraumar. — Tu-låttar. — Høg Himmel — og Kjærleiksvegen. —

For 5 år sidan hadde lystspelet hans: «Kjærleik på Lykteland» med musikk av Per Reidarson, premiere på Det norske Teatret. Sumaren 1927 vart det spela på Tantolundens Frilufts-teater i Stockholm.

Dette nye lystspelet hans må ein vel segja ligg i same leid som «Kjærleik på Lykteland», og er meint som ein frisk og folkeleg skjemt.

Musikken i stykket er laga av pianisten Trygve Stangeland. Han debuterte som pianist i Oslo 1921. — Han er busett i Stavanger. Som Torvald Tu kjenner og elskar han jærlandet.




# *Livstrygdelaget Andvake.*

*(Noreg — Island).*

*Gode trygdevilkår, greide uppgjerd. Me peikar serskilt på barne- skule- og sparetrygdingstabellane.*

*Berre den som tek trygdingane sine i Andvake gjer sitt aller beste for norsk målreisingsarbeid.*

*Hovudkontor, Drammensvn. 2, Oslo, Tlf. 11469.*



**STEEN & STRØM**

*MANUFAKTUR*
*OG UTSTYRS-*
*MAGASIN*

*Altid*
DET NYESTE OG BEDSTE

# Friarleik p

Folke-lystspel — med songar -
Musikken av *Try*
Sett i scene av *I*
Dekorasjonane av

Sanna Liland, gardbrukar-enkje . .
Per Aadneson, gamal tenestgut på
Berta Johanna, grannekjerring . . .
Signe, tenestgjente på Liland . . .
Tarald Nyhaug, kjærasten hennar .
Simon Skadberg . . . . . . . .
Slumpe-Guri . . . . . . . . . .
Jonas på Leitet
Enevald på Døsarvollen } gamle u
Tomas i Tangen

1ste akt:
2dre og 3dje akt:

Lengste upphalc

ORKES
Kapelmeister
Trygve Stangeland:
—»—
—»—

**OLAF NORLI**

**Bokhandel**
**Papirhandel**
**Antikvariat**

UNIVERSITETSGT. 24

*Det ledende organ* **Dagblade**



på Liland.

— i 3 akter av *Torvald Tu.*

*gve Stangeland.*

*ngjald Haaland.*

*Ola Cornelius.*

| | |
|---|---|
| . . . . | Dagmar Myhrvold Lund |
| Liland . | Lars Tvinde |
| . . . . | Henny Skjønberg |
| . . . . | Tordis Maurstad |
| . . . . | Nils Hald |
| . . . . | Einar Tveito |
| . . . . | Tove Bryn Haslum |
| ngkarar | Pehr Qværnstrøm<br>Edvard Drabløs<br>Alf Sommer |

Astrid Rosendahl

Stova på Liland

Tunet på Liland

d etter 2dre akt.

STRET:

*A. K. Nielsen.*

| | |
|---|---|
| Fyrespel<br>Sumartid<br>Jærkveld | Refleks. |


*Livstrygdelaget*

**Gjensidige**

*eldste livstrygdelaget i landet.*

**Livstrygding**
**Barnetrygding**
**Studietrygding**
**Gaavetrygding**

*Ikkje aksjonærar, berre trygdetakarane fær godt av overskotet.*

*Stor umframmidel som gjev trygdetakarane fullgod trygd.*

*Hovudkontor:*
*KARL JOHANSGT. 16, OSLO*

**et** *Landets best ansete blad. Uavhengig. — Toneangivende. — Aktuelt.*




**Skal De lyse i bladi saa gaa til**

**HEROLDENS ANNONCEBUREAU A/S**
**Stortingspl. 7**
**OSLO**

**Noregs eldste og største lysingsbyraa**



Når De får lyst på en riktig god cigarett til en meget rimelig pris — så tenn en

**Lloyd George**

**5 ½ ØRE**



Tordis Maurstad



Nils Hald

Elegante **Kjoler** i uld og silke.

**Dresser, Frakker, Selskapsklær**

*Altid rigt utvalg til rimelige priser.*

**PETRINE NIELSEN**

**Thv. Meyersgs 67–65. Etabl. 1879**

## 7.

Når hjartefuglen leikar seg,
og syng si vesle visa,
finn ordi frå ditt hjarta veg,
for kjærleiken å prisa.
Og lengt og draum i barmen bur,
og det du vonar, vil og trur,
ditt sinn mot ljose dagen snur,
med sol i dine tankar, —
og trøyst til hugen sankar!

Når elsken syng i hjartestreng,
då lyt vel hugen brenna,
og voni lyfta blanke veng,
— og vårtrong kann du kjenna!....
Det syng og skjelv i alt ditt sinn,
med våren gror i barmen din. —
Det spelar sol i draumespinn,
og alt er frygd og fagnad! ....
— Det er so sæl ein lagnad!

Ja, hjartefuglen leikar seg
og syng si glade visa! —
Og unge draumar dårar deg,
til kjærleiken å prisa. — —
Men det du vona allra best,
vart ofte det du tapte mest,
— so gjeng du med ein draum — som rest, —
og trøystar deg i løyndom! —
Slik frævest mang ein røyndom!

## 8.

Eit rosetre ved bekken stod,
og rosone hekk tunge
mot bekken der, som skein og lo,
og song i ro, —
og rosone var unge!

Men snart det hausta. Stormen kvein,
og rosebladi snøydde. —
Snart nakne klungren stod og grein
mot bekk og stein.
— Det var som treet døydde!

Eit blømingstre i barmen din,
bar voner rike, bjarte!
Det spegla seg i hug og sinn,
— men no du finn,
bert snøydde greiner svarte!....

## 9.

Når gjenteaugo mot dine blenkjer,
på svik du aldri i verdi tenkjer!
Når gjenteaugo so reine lær,
— tru noko vondt kann seg botna der?!

D'er kalde rosor som frosten rimar! —
Det er kje gull alt som glor og glimar!
Det er kje gull alt som lyser blankt,
— og vene augo kann løyna mangt!

*

Og guten tidt brukar ordi snilde,
men lit du på dei, so er det ille.
Ja, guten ofte kann tala vel,
— ein treng kje tru alt det han fortel!

Den blanke skillingen helst han likar,
for den han gjerne si gjente sviker!
Den blanke skillingen dårar mest,
— han lokka guten eg trudde best! —

## 10.

Du blenkjer på himlen, du måne so rund, —
du fær meg til minnast hans dragande munn.
Å nei kor du lyser, du lyser for meg,
å kunde eg finna til hjarta hans veg,
men einsam eg dreg!

Du måne, du måne, du skin yver lund,
der lysta eg sitja med venen ei stund.
Å nei, kor du lokkar i lysande fred,
og strøymer med glans gjenom skumingi ned.
— Send hjarta mitt fred!

Å måne, du måne på himlen so rund,
— eg gjeng her og lengtar kvar lite sekund!
Å, skin for hans fot, so han kjem i mitt far,
— og lys han so hit gjenom grind, yver gard,
— å, ver ikkje hard!

Du veit det, du måne, som skin yver lund, —
du veit at eg lengtar og drøymer kvar stund.
Og du skal få sjå, — um han kjem på min veg,
kor då eg skal stråla i glansen frå deg,
— men einsam er eg!

## 11.

Eg gjekk meg ut på vegen,
det var slik måneskin. —
Eg tenkte meg so fegen,
på deg, — som er so fin!
Ja, stødt i mine tankar
du alle tider er. —
No vil eg kasta anker,
hjå deg min hjartans-kjær,
— hjartans-kjær!

På hendene deg bera,
um berre eg kann få,
og alltid hjå deg vera
og aldri frå deg gå!
No bed deg, alt eg maktar:
Lat upp di hjartegrind,
for det er det eg aktar,
— å sleppa til deg inn,
til deg inn!

Du er so ven som dagen,
når sol på himlen stend.
— Hjå meg, i hjartehagen,
ei kjærleiks-rose brenn!
Og denne visa laga
eg seint ein månekveld,
med' hjarta mitt seg klaga,
og brann i elsk og eld,
— elsk og eld!

For stødt eg berre drøymer
um deg, mi lilje fin.
I kjærleik ordi strøymer, —
når det er måneskin. —
Å nei, kor eg deg likar —
Og vil du vera mi, —
du veit eg aldri sviker
deg, — i mi levetid,
— levetid!

## 12.

Ingenting kann friska som ein kille-kvitter-pytt,
som ein pille-pitte-hytt,
som ein kykke-lykke-lei!
Og skål for den du veit,
skål for hjarta som er heitt,
— og so skål for mi åleine, —
sjung-i-dullan-dei!
Eg veit ei! — Du veit ei!
Ho er sullande greid!
Ho er mi!
Ho er di!
Ho er ingen andre si. — Nei!

## 13.

Han hev gjenge og kikka!
Ho hev gjenge og likka! —
Han hev lika ho lenge....
Ho hev etter han henge!
Snart so vert det nok brudlaup, — ja,
då vert det hoppsann og trallala!
Då skal me spela, då skal me dansa,
so det er mest ikkje råd til stansa!
Då skal me spela, då skal me dansa,
— so me kann mest ikkje stansa!

Dei hev vorte trulova. —
Og no fær dei 'kje sova!
Dei skal reisa til presten....
Tenk, so vart det, — på resten!
Snart so vert det nok brudlaup, — ja. O. s. b.

Dei vil flytja i saman!
Få det hugnad og gaman! —
Dei gjekk lengta og sukka! —
No vil me ynskja dei lukka!
Snart so vert det nok brudlaup, — ja! O. s. b.



Tove Bryn Haslum

**Blomster & Arrangements**

**for alle anledninger.**

*Blomster og kranser besørges overalt i inn- og utland.*

Telefon

LOUIS SYBERG

Akersgt. 20 Telegr. "*Amaryllis*"

National-Kafeen

*Pilestrædet 7 II*

vis á vis Bøndernes Hus

*Telef.: 16189*

*Gode varer. Rimelige priser.*
*Stort avishold.*

*Aapent fra Kl. 8 Formiddag til Kl. 11¼ Aften*

*Tilreisende!*

Besøk A/s **STENSBAK**, Nytorvet 5 (Youngstorvet)

Godt utvalg i: JERNVARER - VERKTØI - KJØKKENUTSTYR
ELEKTR. ARTIKLER - PRESENTGJENSTANDE

**Rimelige priser**

GUNNAR RØSTAD

VIOLINMAKER

*ROSENKRANTZGT. 15 IV*

*Reparationer utføres med den største omhu. Nyarbeider av saavel Hardangerfeler som almindelige violiner.*

Sølvmedalje jubilæumsutstillingen 1914.

**Trygde-Lutlaget**

**Norske Atlas**



Sjø-, brand-, husdyr-
ulukke-, sjuke-, innbrot-,
og automobiltrygding.

**Knut Kjorstad. Bøndernes hus.** *Byens beste Herreekviperingsforretning.*
**Merk; Mot Arbeidergaten.**

KNUT KJORSTAD BØNDERNES HUS
*KLÆR - SKJORTER - SLIPS o. l.*



Alf Sommer

**KIKKERTER, BRILLER** m. m.
**— kun prima Varer — til billige priser.**



# Martin Viig,

**Kirkegaten 34, Oslo.**

*Musikinstrumenter*

faar De ingensteds bedre end hos

**K. Sandvik**
**Storgt. 10 a**
og
**Sandviks Musikhandel**
**Youngsgt. 7**

(Førstnævnte firma 22 aar gammelt.)

# PRESSNING AV KLÆR

utføres med *fullstendig desinfeksjon* ved vort moderne dampanlegg!

**Ring telefoner: 13 187 — 24 331**
og vår bil henter og bringer.

Kemisk rensning og farvning besørges.
*Alle reparasjoner utføres. Alt arbeid utføres på dagen.*

## A/s Kledespressen :-: Plisséfabrik

**Universitetsgaten 11 – 1. etasje**

## Alle Artikler for Kunstmalere.

*Alt til Silkemaling, Lærplastik og Gyldenlær.*
*Porselænsmaling og Rosemaling*

## CHRIST. ENGEBRETSEN & SØN

**PILESTRÆDET 27 – OSLO.**

JOHANSEN & NIELSEN
OSLO



Jeg bruker Si-Ko tandpasta, Si-Ko mundvand, Si-Ko tandbørste og Si-Ko haarvand hver dag, flere gange om dagen.

Det er deilige produkter som jeg vil anbefale til alle.